

## STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

**26. - 27. oktober,  
med Knut Skrindo, Sina Myhr og Åsmund Fauske Jøtun.**



**Laurdag: 26. oktober, kl. 12.00 - 16.00**

**Sundag: 27. oktober, kl. 12.00 - 16.00**

**Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Instruktører:**

**Knut Skrindo**, A-klasse dansar frå Oslo som òg er Landskappleikvinnar! Har sjølvstudert dansen i Ål!

**Sina Myhr**, sær s god A-klasse dansar frå Torpo/Ål.

### **Spelemann:**

**Åsmund Fauske Jøtun** frå Gol på hardingfele.



**Mat:** Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

**Pris:** **Kr. 500,- for kurset**, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!  
Superpris for ungdom som vil danse: kr. 300,- (under 23 år).

**Påmelding:** så snart som råd, og helst innan 19. oktober for planlegging av mat og anna.

**Så meld dykk på:** E-post til: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no) eller SMS til **482 04 652**.

Me gjentar suksessen med desse instruktørane frå i fjor så meld dykk på og blir ein betre dansar!

**Knut Skrindo er A-klasse dansar og vant Dans Hardingfele på Geilo saman med Sissel Rudningen i 2007. Knut har vore Danseleiar i Hallinglaget dei siste åra og har halde ei rekke kurs i hallingspringar. Hallinglaget er svært glad for at Knut vil halde dette kurset for han er ein sær god pedagog (han er lærar på Katedralskolen her i Oslo). Så møt opp, og ein vil finne ut at eit kurs i hallingspringar gjer ein til ein betre dansar – uansett dans!**

**Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål**, Sina er ei av dei beste dansejentene som har lært seg kunsten på Hugnadsheim. Ho har dansa seg opp i A-klassa med Eirik Fuglesteg Luksengard og dei dansa i år i Vågå og dei fekk heile 88 poeng og 6. plass! (A-klasse kravet er 75 poeng!). **Sina** vil syne jentedansen sær godt; ho er ei av jentene som kan danse og svive på ein slik måte at ein blir fylt av undring og ho kan forklare kva ho gjer!

**Åsmund Fauske Jøtun** vil sørge for sær godt dansespel. **Åsmund** flytta til Oslo og vart med i Styret i Hallinglaget dette året og han gler oss med godt dansespel både tidt og ofte! Han får det til å rykke i dansefoten så her vil dansen gå av seg sjølv over glatte golv!